

Til årsmøtet i Vestland Venstre 2024

REVISJON AV ÅRSREKNESKAPEN TIL VESTLAND VENSTRE 2023

Årsrekneskapen til Vestland Venstre er gått gjennom etter vanleg rekneskapsskikk og funne i orden. Rekneskapen er ført på oversiktleg måte og gir etter vårt syn eit rett bilete av laget si økonomiske stode.

Vi tilrår at rekneskapen for Vestland Venstre 2023 vert godkjent og at årsmøtet fritenk styret for ansvar.

TILRÅDINGAR:

Til rekneskapen i 2021 og 2022 vart det gitt følgjande tilrådingar:

« Vi rår til at det vert gått gjennom gebyr på kontoane slik at det ikkje vert betalt unødig mykje.

Vidare rår vi til at det vert ått gjennom kven som har tilgang på kontoane, slik at berre dei som skal ha tilgang har tilgang.

Laget har ein kontantkasse som ein rår til å avslutte.

Laget har ein skattetrekkonto, men har ikkje lengre lønsutbetalingar då det går via Venstres hovudorganisasjon. Styret bør undersøke om den kontoen er råd å avslutta.


I rekneskapen er det sett av midlar frå nedlagde lokallag, og desse står som gjeld i rekneskapen. Desse midlane bør stå slik at det er pengar til eventuell oppstart av lag i kommunane att.»

Ved gjennomgang av rekneskapen for 2023 ser vi at tilrådinga om å avslutta kontantkassa er fulgt opp, og det vert opplyst at det er kun økonomikonsulenten som disponerer kontoane på vegne av laget, slik at ein har oversyn over kven som disponerer kontoane til laget.


Vi oppmodar såleis om at dei resterande tilrådingane frå tidlegare blir fulgt opp av styret.

I tilråding frå 2023 vart det oppmoda om å ha tettare oppfølging av utgifter knytt til årsmøte og samlingar i regi av laget. Rekneskapen viser at dette er blitt fulgt tettare og vi oppmodar om at ein fortset med dette og gjer vurderingar fortløpande dersom det skulle bli auke i utgiftene knytt til at påmeldte delegatar ikkje dukkar opp.

Stord/Kvinnherad 07.03.24



Håkon Frode Særsten



Synnøve Handeland